

Sandane Industri LL – Utviding av aksjekapital

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskommunen går inn med kr 232 000 i ny aksjekapital i Sandane Industri LL, under føresetnad av at dei andre eigarane også er med på den skisserte kapitalutvidinga.
2. Aksjekapitalen vert finansiert over posten FU til disposisjon.

Prenta vedlegg:

1. Søknad frå Sandane Industri LL

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Sandane Industri LL er ei arbeidsmarknadsbedrift som er knytt til Aetat sine tiltak for opplæring og sysselsetting av yrkeshemma personar. Bedrifta har heile Nordfjord som arbeidsfelt, med aktivitet i Gloppen, Eid og Stryn. Fylkeskommunen er største eigar med 30 %, og elles finn vi hovudsakleg Nordfjord-kommunane på eigarsida.

Etter to svake år er likviditeten i selskapet så pressa at selskapet har kontakta eigarane for å drøfte kva som kan gjerast for at bedrifta igjen skal få eit sunt grunnlag for vidare drift.

2. SAKSOPPLYSNINGAR

Sandane Industri LL hadde i 2005 ei omsetning på 18,7 mill kr, og eit underskot på nærmare 1 ½ mill kr. Tilsvarende tal for 2004 er omsetning på 13,1 mill kr og underskot på vel 2,1 mill kr.

Etter fleire dårlege år er likviditeten i selskapet sterkt pressa. Soliditeten er tilfredsstillande med ein eigenkapital på om lag 35 %.

Dei svake resultatata kjem i følgje selskapet i hovudsak av at dei ikkje har fått til tilfredsstillande drift av møbelproduksjonen på Sandane. For å rette på dette har dei engasjert konsulentfirma som konkluderer med at det trengst ny kapital for å gjennomføre omstillingstiltak og for å sikre tilfredsstillande likviditet i selskapet.

Plan for omstrukturering og refinansiering er utarbeidd. Dei tenkjer seg ny kapital på 2 ½ mill kr. Det er søkt støtte hjå Innovasjon Norge og Aetat på til saman 1 mill kr. Dei resterande 1 ½ mill kr har selskapet føreset skulle finansierast ved lån og bidrag frå eigarane. Banken har sett krav om at eigarane engasjerer seg økonomisk før dei går inn med lån. Innovasjon Norge har meldt at dei ikkje vil yte støtte. Aetat har ikkje teke ei endeleg avgjerd enno, men har så langt kome med positive signal.

Eigarane vart informerte om den økonomiske situasjonen på eigarmøte i april, og det vart då drøfta ulike løysingar. Sandane Industri LL har i søknaden skissert to løysingar:

- garanti frå eigarane på til saman 1 ½ mill kr, som grunnlag for tilsvarende banklån
- tilskot på eigarane på kr 750 000, og tilsvarende banklån utan eigargaranti

Kommunal garanti er omhandla i kommunelova, som frå 2000 har hatt denne ordlyden i § 51 pkt 2:

”Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv.”

Med ”andre” er det meint verksemd som ikkje er styrt av kommunalt organ etter kommunelova. Sandane Industri LL er eit selskap som ikkje kan reknast som styrt av kommunalt organ etter kommunelova, sjølv om kommunane og fylkeskommunen er inne på eigarsida. Når det gjeld definisjonen av næringsverksemd har lovgjevaren meint verksemd som har forretningsmessig føremål. Ut frå ovanstående er det tvil om kor vidt eigarane kan stille garanti for banklån. Elles kan vi nemne at fylkeskommunen har som innarbeidd praksis at ein ikkje yter garanti, med unntak av bompengeselskapa (jf notat til FU og FU si tilslutning i møte 28.05.02).

Fylkeskommunen har elles fått melding om at Nordfjord-kommunane ser det lettare å vere med på ei aksjeutviding (finansiert med fond) enn ei løysing med tilskot. Vi har meldt tilbake at fylkeskommunen er open for ei slik tilnærming. Sandane Industri LL stiller seg også open for dette.

Eigarstrukturen i selskapet er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	30 %	Gloppen kommune	21,07 %
Stryn kommune	12,5 %	Vågsøy kommune	11,87 %
Eid kommune	8,75 %	Selje kommune	5 %
Sparebanken Sogn og Fjordane	3,75 %	Hornindal kommune	2,5 %
Høyanger kommune	2,5 %	Bremanger kommune	2,06 %

Selskapet tenkjer seg slik fordeling av bidraget frå eigarane:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	31 %	=	kr	232 000
Gloppen kommune	22 %	=	"	165 000
Stryn kommune	13 %	=	"	97 500
Vågsøy kommune	12 %	=	"	90 000
Eid kommune	12 %	=	"	90 000
Hornindal kommune	5 %	=	"	37 500
Selje kommune	5 %	=	"	37 500
Til saman			kr	750 000

Vi har så langt fått signal om at Nordfjord-kommunane vert med på den skisserte aksjeutvidinga.

3. VURDERINGAR

Sandane Industri LL har utvilsomt ein viktig funksjon, og fylkesrådmannen er tilfreds med at eigarane no tek ansvar for å sikre kapital til dette nødvendige omstillingsarbeidet.

Vi har notert oss at kommunane finn det vanskeleg å gå inn med reint tilskot. Vidare at Kommunelova kan innebere avgrensingar med tanke på garanti frå eigarane, og at fylkeskommunen sin praksis tilseier at ein ikkje stiller garanti. Utan å gå nærmare inn på problemstillinga kring garanti, må ein berre konstatere at tilførste av kapital frå eigarane er den beste løysinga. Vi vel her å følgje Nordfjord-kommunane, og fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen tek sin del av aksjeutvidinga. Dette under føresetnad av at dei andre eigarane er med, slik at den samla aksjeutvidinga vert på kr 750 000.

Fylkeskommunen sin del på kr 232 000 vert vert finansiert med avsette midlar frå posten FU til disposisjon, som no vert nytta fullt ut.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Sandane Industri LL har ein viktig funksjon, og fylkeskommunen bør bidra til å gje bedrifta eit sunt grunnlag for vidare drift. Fylkeskommunen går inn med kr 232 000 i ny aksjekapital. Midlane vert finansiert frå posten FU til disposisjon.

